



Jan Åke Kolaas
Storhaugen 34
5955 LINDÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1063 - 17/11332

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

18.04.2017

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 123/95 Risa

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 27.03.17

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Etter det vi kan sjå i mottakskontrollen tilfredsstillar ikkje tiltaket det som er omfatta som mindre tiltak, jf. SAK 3-1 bokstav b, då loftsarealet er større enn kva som er begrensinga for mindre tiltak. Omfanget av søknad må anten reviderast slik at den kjem inn under krava i bestemmelsen eller det må sendast inn søknad via ansvarleg føretak. Tiltaket vil då krevje dispensasjon frå byggegrense då tiltaket har krav om 4 meter avstand til nabogrense.

Forutsatt at du ynskjer å sende inn revidert søknad med redusert omfang treng kommunen i tillegg følgjande:

2. Fullstendig utfylt skjema for søknad om tiltak uten ansvarsrett; innsendt skjema har fleire manglar og må sendast inn på nytt.

3. Det må innhentast samtykke frå nabo til oppføring av garasje nærare enn 4 meter frå nabogrense, skjema vedlagt.

4. Ny situasjonsplan der plassering, størrelse på tiltaket, og avstandar kjem klart fram.

5. Reviderte teikningar for tiltaket, jf. pkt. 1. Det er også uklart av søknad om trapp er tenkt plassert innvendig eller utvendig då det er teikna inn noko på utsida av fasadelivet.

6. Eigar av gbnr. 123/59 er ikkje varsla om tiltaket og må nabovarslast.

7. Det går ikkje klart fram av søknaden om garasjen kjem nærare offentlig vann- og avløpsnett enn 4 m. Dersom det er tilfelle må det innhentast samtykke frå teknisk drift i kommunen.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



8. Søknad er sendt inn før frist for nabovarsling var gått ut. Eventuelle merknader frå naboar må sendast inn ved supplering av søknad.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.05.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

skjema naboerklæring

Mottakarar:
Jan Åke Kolaas

Storhaugen 34 5955

LINDÅS